
Fra: Hans Kristian Dolmen
Sendt: fredag 13. april 2018 11.04
Til: 'brev.cardo@gmail.com'
Kopi: Atle Dingen; Frøydis Ones
Emne: Regplan Nystøltunet - Undervegsmøte (?)
Vedlegg: VA-Norm Lindås kommune.pdf

Hei

Underteikna har kome inn som ny sakshandsamar for dykkar plansak.

Syner til tidlegare dialog i plansaka og etter mi forståing er det møtereferat frå 12.09.17 som er gjeldande for vidare framdrift i saka. Etter gjennomgang av mottekne planmateriale og siste møtereferat i sak frå 09.12.17 meiner eg det vil vere nyttig med eit undervegsmøte når dykk er klar for det. Lindås kommune ønskjer i utgangspunktet å gå gjennom følgjande:

1. Møtereferat av 12.09.17 inneholder pkt 1-24 samt innspel frå andre avdelingar i kommunen. Me ber om at det i naudsynt grad vert gjort greie for korleis desse punkta er teken vidare i plandokumenta. Dette slik at det på ein tydeleg måte både for administrasjon og planutval går fram korleis «tidlegare merknadar» er handtert.

Dette kan til dømes gjerast som tabell eller merka tekst i planskildring (kap.4 planprosess), samt i naudsynt grad i føresegner og plankart mm.

2. Pkt. 1 i møtereferatet tek opp situasjonen for vatn og avlaup i området og er viktig. Sidan underteikna kjem inn i saka veit eg ikkje kva eller korleis dette er formidla tidlegare, og tar difor den litt grundige versjonen.

Det er krav om at det vert utarbeidd VA-rammeplan som grunnlag for gjennomføring av utbygginga. Det er også signalisert at denne utbygginga bør omfatte eit større område enn sjølve planområdet og at det kan vere aktuelt med bidrag frå kommunen gjennomføring. Her er det fleire pkt:

- a. Gjeldande VA-norm (vedlagt) for Lindås kommune stiller krav om «VA-rammeplan» som skal godkjennast før ein vedtar reguleringsplan.
 - b. Innhaldet i VA-rammeplan går fram av kap. 3.0 (s.9), lokal føresegn
 - c. «Komplett teknisk plan» kjem seinare og gjeld gjennomføring av anlegget
 - d. VA-normen elles set dei tekniske og kvalitetsmessige krav Lindås kommune stiller for eventuell overtaking av VA-anlegget
 - e. VA-normen gjeld og handtering av overvatn
3. Rekkjefølgje og gjennomføring av VA-anlegget vert normalt/ofte styrt gjennom føresegnene og utbyggingsavtale knytt til plan.
 - a. Så langt går det ikkje fram av det førebuande materiale korleis plan for gjennomføring vert. Lindås kommune kan gjere ei intern vurdering før eit eventuelt undervegsmøte, men treng da noko grunnlagsmateriale frå dykk slik at me kan førebu oss.
 - b. Med bakgrunn i grunnlagsmateriale kan me innleiingsvis seie noko om eventuell kommunal deltaking i anlegget.
 - c. Viss det ikkje skal nyttast utbyggingsavtale må det inngåast anna form for avtale om (eventuell) gjennomføring og overtaking

4. Eg registrer at dykk har ein pågåande sak knytt til eigartilhøve for ein mindre del av planområdet. Slik eg ser situasjonen dykkar må eigarskifte kome på plass før ein kan gjennomføre plan.
5. Viss dykk har andre pkt. dykk ønskjer å ta i mogleg undervegsmøte ber me om at desse vert sendt over i rimeleg tid på førehand slik at me har høve til å gje dykk svar.

Hans Kristian Dolmen | Rådgjevar

E-post: hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 75

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE